

# Tradisjonsbåtar i fellesnaust til folket



*Ei prinsippskisse for  
korleis fellesnaust for tradisjonsbåtar kan brukast til å aktivisera folk,  
samstundes som ein vidarefører ein fleire tusenårig båtbyggjartradisjon?*

## **Situasjonsrapport i dag**

Båtbyggjarane har få oppdrag – dei manglar ein marknad

Båtbyggjarane byggjer ein og ein tradisjonsbåt – kundane er stort sett privatpersonar

Kundane har ofte liten kunnskap og stiller få krav til båtbyggjarane - litt tilfeldig kva båtar som vert bygde

Kundane vil ofte ha nokså einsarta båtar – båtbyggjarane får lite øving i å byggja ulike storleikar/typar

Prismessig er tradisjonsbåtane er relativt dyre i samanlikning med moderne alternativ av tilsvarende storleik

Kundane/båteigarane brukar båtane berre eit fåtal dagar i året


Kvart nybygg kjem berre eit fåtal personar til gode

Må det vera slik? Kan me tenkja annleis kring tradisjonsbåtane?

## **Tre grep som kan endra på dette**

- 1 Utbygging av fellesnaust for tradisjonsbåtar
- 2 Fellestingingar av nybygde tradisjonsbåtar
- 3 Ny finansieringsmodell

## 1 Fellesnaust - plassering




Allment tilgjengelege modul-utbygde fellesnaust på eksisterande allmennyttige aktørar sin grunn:

- med god tilkomst
- gode sjø- og landsetjingstilhøve
- aktivitets-attraktivt farvatn

gjerne plassert nær undervisnings- og kulturhistoriske stader

## 1 Fellesnaust - plassering




Allment tilgjengelege = nausta er open for allmenta, gjerne svært enkle i forma, kanskje berre med vegg på drevsida

Modul-utbygde = kvar modul rommar til dømes 3 båtar, så byggjer ein så mange naustmodular som kvar stad treng til ei kvar tid

Eksisterande allmennyttige aktørar sin grunn = der folk har allment tilgjenge, grunn eigd av td. kommunen, idrettslag, museum

Arkitektonisk varsomme bygg – fellesnausta skal ikkje dominera i området og dei er gjerne inngrepsmjukt utforma

## 1 Fellesnaust - plassering



Med god tilkomst = nær kollektiv kommunikasjon, bilvegtilkomst, parkering i nærleiken, snuplass for tilhengar nært slipp

Sjø- og landsetjingstilhøve = slak ludngrind/slipp/stø med ludnar skjerma for sjøgang utanfor nausta + betongslipp for tilhengar

Aktivets-attraktivt farvatn = øyrikt skjerma farvatn for roing som primæraktivitet, open fjord dersom segling er primæraktivitet

Nær undervisnings- og kulturhistoriske stader = gangavstand frå undervisningsanlegg/kulturhistoriske stader der folk likevel er

## 1 Fellesnaust - utforming



Konstruksjonsmessig enkle naust - sikrar båtane mot sol, nedbør og anna væte - fremjer aktivitet på vatnet i staden for på land

Tilfar kan lagrast på bjelkane over båtane – kvar båt sitt tilfar ligg over sin båt, nausta har plansje med oversyn over båtar/tilfar

Båtane står på tregolv og vert støtta av fire båtkrakkar som vert plassert parvis på styrbord og babord ved innved

Som lokal tilpassing kan ein sjølvsagt nytta meir kompliserte naust eller nytta eksisterande bygg som fellesnaust

# 1 Fellesnaust - utforming




Golvflata i naustet på biletet er 6,6 meter langt og 7,0 meter breitt,  
(langt nok for færingane til høgre og i midten, men for kort for seksæringen til venstre)

Med så opne naust bør naustlengda vera minst 150 % av lengda til den lengste båten for at taket skal dekka tilstrekkeleg

Naustbreidda bør vera minst 175 % av samanlagd båtbreidde for at det skal vera nok plass mellom og rundt båtane

# 1 Fellesnaust – utforming



Stø



Ludngrind




Betongslipp

Stø: staden i fjøra eller på stranda der ein lender med båtane, der ein dreg dei opp på land eller der ein har naust

Ludngrind: grind av runde eller halvrunde trestokkar plassert mellom marabakke/fjærremål og naustopninga

Slipp: bane/renne av fastare materiale der båtar kan land- og sjøsetjast

# 1 Fellesnaust - utforming



Slak ludngrind/stø/slipp bør hella mellom 5 og 8 grader (heller 5 enn 8 for å mogleggjera landsetjing når få hender er tilstades)

Helst bør ein vanleg halvvaksen person åleine enkelt kunne landsetja ein tom færing

Ludngrind/stø/slipp må gå så langt ut at ein kan sjø- og landsetja uavhengig av tidevatnet

Naustgolvet må vera så høgt oppe at ein unngår at stormflo kjem opp på naustgolvet

## 1 Fellesnaust - utforming

Snuplass for bil  
med tilhengar



Betongslipp for båtar som kjem per tilhengar



Ludngrind/stø/slipp for båtar i fellesnaustet

# 1 Fellesnaust - utforming




Kwart naustanlegg bør ha stasjonert nokre båthengarar, slik at båtane enkelt kan flyttast til andre lokalitetar, til dømes ved stemner. Båthengarane kan låsast med hengelås med kode.

## 1 Fellesnaust - utforming



Nokre av båtplassane i kvart naustanlegg  
bør vera utstyrt med slippvogn med  
elektrisk spel med fjernkontroll, slik at  
båtane enkelt kan sjø- og landsetjast av  
ein person som ikkje er så sterk

## 1 Fellesnaust




Minst eitt fellesnaust i kvar kommune i heile landet – på sikt: gjerne fleire i kvar kommune

Fellesnausta rommar nybygde tradisjonsbåtar frå lokalområdet

I overgangssonar mellom ulike båtdistrikt kan eit fellesnaustanlegg godt romma båtar frå fleire båttradisjonar

Prosjektet «Tradisjonsbåtar i fellesnaust til folket» har såleis potensiale for å romma alle båttradisjonane i landet

## **1 Fellesnaust**




For å koma i gang med båtaktivitet, kan ein i ein startfase sjå for seg bruk av eksisterande tradisjonsbåtar i utmerka tilstand


Desse båtane bør då vera eigd/disponert av fellesskapet/driftsorganisasjonen heller enn eigd av private/enkeltpersonar

På sikt bør det sjølvsagt vera nybygde tradisjonsbåtar forvalta av eit demokratisk styrt fellesskap som får stå i fellesnausta


## 2 Båtane




Æring



Færing



Seksæring




Åttring

Koordinerte fellestingingar gjev båtbyggjarane og organiserte båtbrukarmiljø høve til å påverka kva slags båtar som skal byggjast


Gjev høve til jamnleg produksjon av nybygg i ulike storleikar: æring, færing, seksæring til åttring og enda større båtar

Båtar i same storleik i same naustanlegg bør vera nokså einsarta – viktig ved tevlingar


## 2 Båtane




Æring



Færing



Seksæring



Åttring

### Døme fellesnaustanlegg A

2 æringar – 8 1/2 alen  
3 færingar – 10 1/4 alen  
3 seksæringar – 11 1/2 alen  
2 åttringar – 13 alen


### Døme fellesnaustanlegg B

2 æringar – 8 alen  
3 færingar – 10 alen  
3 seksæringar – 12 alen  
2 åttringar – 14 alen

### Døme fellesnaustanlegg C

2 æringar – 9 alen  
3 færingar – 10 3/4 alen  
3 seksæringar – 12 1/2 alen  
2 åttringar – 13 1/2 alen

## 2 Båtane






På sikt bør det vera ei målsetjing at det vert etablert eit fellesnaustanlegg  
årleg for kvar båttradisjon


Skal eit fellesnaustanlegg få ei effektiv etablering bør det koma på plass 10 båtar i løpet av eitt år  
(Merk at 10 båtar vil vera tilstrekkeleg til at alle elevane i ein skuleklasse kan ro samstundes  
og inntil 2 skuleklassar kan vera ute på samstundes)

Skal ein koma dit må kapasiteten i kvar byggjetradisjon vera 10 nybygde båtar pr år + arbeidet i skogen og på saga +  
formidling til publikum + driva opplæring av nye båtbyggjarlæringer + driva fagleg fordjuping



## 2 Båtane - tilfaret





(e)



(a)



(d)








Alle båtane har komplett tilfar for ulike typer bruk – tradisjonell og moderne roing, ulik rigg for tursegling og sportssegling

Roing:



Avtagbare skuttofter (a), sessar (b), segltofte og rototfe for same beten (c) , skinne, rulleseter og fotstøtter (d)

Tradisjonelle årer (e), lettare årer for barn, tohandsårar for større båtstørleikar (f)


## 2 Båtane - tilfaret




(i)




(j)



(k)



(h)



Alle båtane har komplett tilfar for ulike typer bruk – tradisjonell og moderne roing, ulik rigg for tursegling og sportssegling

Segling:

Mindre turrigg utan bom (g), større sportsrigg med bom og spilbom (h), standardisert mastesko for ulike masteføter, både røstjarn og vantekrok (i), rorkult med kort rorstang for styring frå bakronga (j), rorkult med lang rorstang for styring frå baktofta (k)

## **2 Båtane - brukarane**

Uteskule/undervisning – barnehage/grunnskule

Trening – ungdom/studentar/vaksne

Lagbygging for næringsliv og andre aktørar - vaksne

Rekreasjon/helse – familiar/vaksne/pensjonistar

Tevling for årer eller segl – alle aldrar

Turisme – alle aldrar

Integrering av nye landsmenn – alle aldrar

Fiske/jakt – alle aldrar

Kulturbasert omvisning – alle aldrar



## 2 Båtane - Organisering

### Lokalt engasjement


Identifisera og engasjera lokale aktørar som i godt samspel tar eigarskap til prosessen med å etablera fellesnausta og båtane, truleg trengst det både lokale og regionale koordinatorar i denne prosessen.

### Organisasjonsmodell

Fellesnaustet kan vera eigd av eksisterande allmennyttige grunneigarar eller ein eller fleire opne, demokratiske organisasjonar som brukar båtane i dei.

Båtane kan vera eigd av ein eller fleire opne, demokratiske organisasjonar som kan til dømes vera tilknytta Norges Roforbund, Norges Seilforbund, Forbundet Kysten eller Den Norske Turistforening.

Roforbundet og Seilforbundet er tilslutta Norges Idrettsforbund og ein kan såleis få midlar (1/3) til anleggsutvikling (etablering av naust) og ein kan få midlar (1/3) til utstyr (innkjøp av båtar). Gjennom Forbundet Kysten kan kystlag kan søka tilskot (1/2) hjå Miljødepartementet til innkjøp av Kystledsbåtar. Også gjennom DNT har lokallag tilgang på tippemidlar.



## **2 Båtane - organisering**

### **Drift**

Driftsorganisasjonen må sikra jamnleg tilsyn, prosedyrar for jamnleg vedlikehald og reparasjonar, utstyrssoppgraderingar og syta for forsikring

### **Inntekter**

Brukabetalings truleg naudsynt for å sikra inntekter til normalt vedlikehald/utstyrssoppgraderingar av tilfar/båtar/naust/annan infrastruktur og kompensasjon til vaktmeister (gjerne ein reparasjonskyndig som har verkstad i nærleiken)

Desse hovudprinsippa kan vurderast (og evt kombinerast):

Kontingent (mnd/halvår/år)

Låg brukabetalings pr gong

Skreddarsydde pakkeprisar for grupper

### **Digital infrastruktur**

App/www for båtreservasjon, brukabetalings, tur-forslag/ruter, brukartips, båt-sporing pr gps, resultatservice etter tevlingar og spreiling av multimedia #noermeutpåmedtradisjonsbåtane

## 2 Båtane - produksjon

Planlegging av båttinginga

Lokalmiljøet, båtbyggjarane og det organiserte båtbrukarmiljøet spesifiserer i fellesskap kva storleikar og typar båtar som skal byggjast, det må lagast ein realistisk framdriftsplan på både finansiering, naustbygging og båtbygging



Båtbyggjarane bør organiserast slik at flest mogleg av båtbyggjarane over tid får byggja uforstyrra frå publikumsformidlinga  
Produksjonsverkstad og formidlingsverkstad bør difor ikkje vera samlokaliserte


Byggjefasen

Båtbyggjarane produserer båtane og tilfaret

Publikumsformidlinga kan gå på omgang mellom båtbyggjarane

Lærlingopplæringa kan inngå i både publikumsformidlinga og i aukande grad utover i læretida i den ordinære båtbygginga

## 2 Båtane - produksjon



Ein produksjonsverkstad må lokaliserast slik at ein båtbyggjarane har stort nok verkstadareal for produksjon, stort nok materiallager og stort nok mellomlager til ferdigproduserte båtar


Ein produksjonsverkstad kunne difor med føremon vore samlokalisert med eit båtlager med gode lagringstilhøve for tradisjonsbåtar og ikkje minst god kapasitet

Slik kan ein frigjera verdifullt areal andre stader, for til dømes museum og båtbrukarorganisasjonar

Eit plasseffektiv båtlager kan ha stålreolar i fleire høgder der båtane står fastsurra på pallar og vert forflytta med truck/jekk  
Båtlageret bør til ei kvar tid ha tilgjengeleg demonstrasjonsbåtar i ulike storleikar som enkelt kan setjast på tilhengar/vatn  
Vidare kan kortidsutleige av båtar på båthengar vera ei potensiell inntektskjelde, for til dømes bryllaup eller helgeturar  
Ledig lagringsplass i båtlageret kan evt. leigast ut til private tradisjonsbåteigarar og såleis tilføra inntekter

Båtlageret kan godt vera samlokalisert med ein verkstad der interesserte kan driva reparasjonsarbeid

### 3 Finansiering - fellesnausta



Enkle naust kostar lite, medan grunnarbeid og vegtilkomst kostar meir

Spleiselag mellom grunneigar og brukarorganisasjon + eksterne tilskot frå både offentlege og private pengesekkar

Folkefinansiering/spleiselag/crowdfunding?

Finansieringsplanen må truleg skreddarsyast lokalt til kvart enkelt fellesnaustprosjekt

### 3 Finansiering - båtbyggjarane



#### Fordelingsprinsipp

Det er rimeleg at det offentlege står for utlegga til lønsmidlar til båtbyggjarane + rimelege driftsmidlar til deira aktivitetar  
Slik får det offentlege teke vare på byggjetradisjonen og ein sikrar stabil finansiering av produksjonsverkstadane  
Frå tid til annan bør produksjonsverkstadane få høve til å oppgradera naudsynt verkty/utstyr

Båtbyggjarløna bør justerast i samsvar med konsumprisindeks og elles følgja normale ansiennietetsprinsipp

Attåt kjerneverksemda med å nyprodusera eit visst tal båtar pr. år, må båtbyggjarane ha høve til å utføra naudsynt arbeid i skogen og på saga + driva formidling til publikum + driva opplæring av nye båtbyggjarlæringer + driva fagleg fordjuping

### 3 Finansiering - båtane



#### Fordelingsprinsipp

Det er rimeleg at båtkjøpar dekkar utlegga til materialar, båtsaum, beslag, segl, tauverk, skruer, dekksutstyr og smurning. Slik får båtkjøparane eit eigarskap til tradisjonsbåtane.

Tradisjonsbåtprisen bør difor vera på nivå med moderne serieproduserte båtalternativ i tilsvarende storleik

Prismodellen bør vera om lag slik (framlegg til justerte prisar frå 2018 inkl mva):

Æring ( 60 000 kr) – færing (70 000 kr) – seksæring (80 000 kr) – åttring (90 000 kr) – større båtar (100 000 kr)

Prisen bør inkludera båt og komplett pakke med tilfar.

Når nordisk klinkbåtbygging om eit par år vert UNESCO-oppført, så kan dette finansieringsprinsippet brukast til å likestilla prisane norske tradisjonsbåtar uavhengig av båttype. Eit slikt nyprisnivå vil òg justera bruktmarknaden til eit fornuftig nivå.

### 3 Finansiering – ei samanlikning



Ein idrettshall kostar ca 40-60 millionar kroner = aktivitetsarena for inntil 100 elevar samstundes = 400 000-600 000 kr/elev  
Nytt klasserom til ein eksisterande skule kostar ca. 5 millionar kroner = aktivitetsarena for inntil 30 elevar = 166 666 kr/elev

Fellesnaust + 10 båtar i storleikane vist på s 18 med prisnivået skissert på s 26:

2 x æring a 60 000 = 120 000 kr (1 x 2 båtbrukar)

3 x færing a 70 000 = 210 000 kr (3 x 2 båtbrukar)

3 x seksæring a 80 000 = 240 000 kr (3 x 3 båtbrukar)

2 x åttring a 90 000 = 180 000 kr (2 x 4 båtbrukar)

Totalt 750 000 kr for båtar til 25 båtbrukarar

Det bør vera mogleg å byggja eit fellesnaustanlegg til desse for inntil 1 250 000 kr


Samla investering for naust og anlegg vert då 2 millionar

I tillegg kjem sjølvsagt lønsmidlane som går til båtbyggjarane, her rekna til 3 millionar

For totalt fem millionar kan ein såleis få tradisjonsbåtar og fellesnaust til 25 båtbrukarar = 200 000 kr/ båtbrukar


Dersom det offentlege står for løna til båtbyggjarane og eit engasjert lokalmijø finansierer båtane, kan ein såleis få eit uteskuleanlegg for 120 000 kr/elev. I tillegg får ein ein del andre positive funksjonar på kjøpet!

## 4 Målsetjingar



**Tradisjonsbåtanlegg**

**0,5 km**



Skapa lavterskel-møtestader mellom folk i ulike aldrar gjennom allment tilgjengelege fellesnaust med nybygde tradisjonsbåtar

Fremja fellesskap, naturopplevingar, folkehelse og folkeopplysning i både bygd og by gjennom fysisk aktivitet i naturen

Vidareføra den UNESCO-oppførte kulturtradisjonen bygging og bruk av klinkbygde tradisjonsbåtar tilpassa moderne bruk

## 5 Framdrift



2017	Fase 1: ideutvikling, prosjektkonkretisering, kostnadsoversyn
2017-2018	Fase 2: forankring av ideen hjå ulike aktørgrupper
2018-2045	Fase 3: etableringar av fellesnaust/nybygging av båtar/etableringar av båtmiljø
2019-2115	Fase 4: drift, vedlikehald
2110-2135	Fase 5: fornying av flåten
2120-2210	Fase 4: drift, vedlikehald
2200-2225	Fase 5: fornying av flåten
OSV	



# Har du innspel til dette?

Ta gjerne kontakt med oss!

Bergen 20. januar 2018



Helsing

Atle Bergseth

48 03 97 67

[atle\\_bergseth@yahoo.no](mailto:atle_bergseth@yahoo.no)

Kjell Magnus Økland

95 04 67 39

[kystsogevekene@hfk.no](mailto:kystsogevekene@hfk.no)